

## **Ungdom med nedsett funksjonsevne og Lom vidaregåande**

Kva gjer du når valet står mellom 16 mil i drosje med ledsagar til skulen kvar dag eller å droppe ut av vidaregåande og bli heime? Dette er det valet ungdom i Bismo med nedsett funksjonsevne blir sett overfor dersom Lom vidaregåande skule blir lagt ned.  
Det seier seg sjølv at å bruke nesten tre timer i drosje kvar dag, ikkje er greitt!

Nord-Gudbrandsdal er en stor region. Det er 8-10 mil mellom Lom og Skjåk og Otta eller Vinstra. I alle år har elevar frå Vågå, Lom og Skjåk vore vane med å reise inntil 3 mil til Lom. Det går bra.

Reiseavstand er avgjerande for elever med nedsett funksjonsevne og føresette. Desse elevane kan ikkje bu på hybel. Institusjon eller flytting av familien nærmere skulen, er ingen løysing.

Ei annan side ved dette er kostnadane til drosje med ledsagar tur- retur Otta kvar dag. Truleg vil det okkupere ei drosje og ein - ledsagar heile dagen. Med etterhald om korleis fylkeskommuna vil organisere transporten, har vi rekna kostnaden til nesten 1 mill.kr/år.

Det er mange ungdommar som av ulike årsaker kan ha behov for ekstra oppfølging. Mindre skular som Lom Vidaregåande har gode forutsetningar for å gje desse elevane tilpassa tilrettelegging og ekstra oppfølging, samstundes som at dei kan bu heime lenger. Små skular som i Lom gjev også desse ungdomane eit godt miljø og godt fellesskap.

Skulen har god kontakt med næringslivet og bedriftene er positive til å ta imot desse ungdomane på praksisplas praksisplassar. Praksisplassar er avgjerande for mange på vegen til å komme inni arbeid.

Vi er bekymra. Bekymra for at våre ungdom med nedsett funksjonsevne fell utanfor vidaregåande. Fell dei utanfor i vidaregåande, er sjanske for at dei kjem ut i arbeidslivet også mykje mindre.